

DETALJREGULERING FOR STAD MOLO
OG INDRE HAMN VED LEIKANGER
STAD KOMMUNE
PLANINITIATIV



Figur 1: Leikanger i Stad kommune. Kjelde: Norgeskart.no

23.03.2022

1. Bakgrunn og formål

Stad molo ønsker å etablere ei indre hamn med ein molo ved Leikanger på Stadlandet, og vil slik leggje til rette for vekst og utvikling. I dag manglar Stadlandet kaier for båttrafikk for alle kategoriar. Eksisterande kaier har ikkje kapasitet til meir bruk. Ein molo vil kome til å bli eit vern mot havet, og motverke at klimaendringane øydeleggjer eksisterande verksemder og bygningar. Slik vil den gje moglegheit for nye næringar, berekraftig turisme og gi ei trygg hamn for fiskeflåte, nyttefartøy, og båtar nyttar til fritid.

Det skal byggast skipstunnel, og sprengmassar herifrå planleggast nyttar for gjennomføring av prosjektet. Leikanger ligg innafor den avstand Kystverket har sett for gratis levering av steinmasse frå skipstunnelen. Med all sannsyn vil steinmassen egne seg til molo og utfylling, og til næringsareal innafor molo-vernet.

Stad molo ønsker difor å starte arbeid med ein detaljreguleringsplan for å legga til rette for ny molo og indre hamn ved Leikanger i Stad kommune.

Planarbeidet har som formål å:

- Bygga molo som vernar sjølinja ved Leikanger. Denne er i dag utsett for storm og uvær, samt framtidige klimaendringar.
- Legga til rette for offentleg transport via sjøvegen.
- Legga til rette for turisme og næring knyta til sjø.


Ansvarleg fagkyndig for reguleringsplanarbeidet er Nordplan AS og Feste NordØst AS. Prosjektleiar for dette planarbeidet er arealplanlegger Anja Ø. Ryen, mobil: 97 12 11 34. e-post: aor@feste.no.

2. Planområdet

Me foreslår å strekke planområdet (figur 2) frå næringsverksemda Per Stave AS i nord, til Stad næringspark i søraust. På innsida av moloen planleggast fem ulike kaianlegg. Ei kai/fiskerikai i nordleg del av molo mot Per Stave AS, eit kaianlegg for hurtigbåt i området hotell/sentrum, og eit turisme/småbåtanlegg i sør-søraustre del av moloen.

Plangrensa på land er i kartet under (figur 2) foreslått å fylgje vegane, men dette er noko me gjerne diskuterer med kommunen. Me er opne for andre avgrensingar.

Moloen er planlagt som fylling, omlag 180-200 meter ut frå land på ca. kote -21 (fig. 8). Kvar molodel er på ca. 600 meter. Totalt ca. 1,2 km. lang, og med ein breidde på 3,5-4,0 m. Til samanlikning er Noregs lengste molo 1,1 km i følgje Kystverket. Fyllinga vil krevje om lag 1,3 mill. m³ sams masse. Biltilkomst til moloen vil skje via Stad næringspark og ved Per Stave AS på Stave. Fylling av moloen vil sannsynlegvis skje frå båt, frå sjøsida.



3. Dagens situasjon

Det er ingen installasjoner i tiltaksområdet i sjøen i dag. I strandsona er det etablert naust, fyllinger, mindre kaier, sentrumsbebyggelse i Korsen, og elles landbruksareal.

Fiskeverksemnda Per Stave AS er i dag etablert på delvis utfylt sjøtomt. Alt tomtareal er disponert med bygningsmasse. Her er ingen kaianlegg, og tilkomst skjer landevegen. I strandsona sør for verksemda ligg to eldre naust og ei mindre flytebrygge. Tilgrensande areal i vest er i dag slåttemark, og spreidd busetnad med einebustader.



Figur 3: Leikanger sentrum. Foto: Tord Karlsen, Bergens Sjøfartsmuseum.

Klimaendringane har allereie gjort det utfordrande med bruk av hamne- og strandområda på strekninga mellom fiskeriverksemda til Per Stave AS, og Næringsparken på Nedre Sjåstad. Eit område med stor aktivitet og høg verdiskaping, og med akutt behov for betre infrastruktur. Her finns område for utskiping, passasjerterminal, fiskerikai for havgåande linebåtar, småbåthamn og rekreasjonsområde.

Næringslivet på Stadlandet har gjennom sin interesseorganisasjon Stadlandet Bedriftsforening samla seg om ein heilskapleg og prioritert plan for utvikling av næringslivet: Molo og indre hamn ved Leikanger. Eit kombinert marint og industrielt hamnearlegg – tilrettelagt også for reiseliv, turisme og småbåtflette.


4. Eksisterande plansituasjon

Kommunedelplan for sjøareal 2022-2032, Stad kommune

Kommunedelplanen skal leggja til rette for meir næringsaktivitet i sjøområda til kommunen. Aktiviteten skal ikkje kome i konflikt med viktige naturområde, kulturminne, verneområde , eller bruken av sjøområda til rekreasjon for fastbuande og besøkande.

I kommunedelplanen er sjøområde utanfor Leikanger lagt ut til hamn, område «VHS01 Leikanger hamn». Per Stave sitt areal er i kommunedelplanen sett av til næring, og gitt nemning «BN02». Sjå figur 4.


Konsekvensutgreiinga for kommunedelplanen peiker på fleire verknader av etablering av molo utanfor Leikanger som må kartleggast nærmere. Desse er omtalt i kap. 7.



Figur 4: Utsnitt frå kommunedelplan for sjøareal 2022-2032, Stad kommune.
Grønt område er VHS01, og lilla område er BN02.

Reguleringsplan for Leikanger sentrum


Planområdet for Stad molo, vil til dels overlappe reguleringsplan for Leikanger sentrum frå 2001. Reguleringsplanen er under revidering.



Figur 5: Gjeldande reguleringsplan for Leikanger sentrum.

Reguleringsplan for Reedtomta


Innafor reguleringsplan for Leikanger sentrum, ligg ei omregulering frå 2018, for Reedtomta.



Figur 6: Gjeldande reguleringsplan for Reedtomta.

Reguleringsplan for Stad næringspark

Øst og delvis innafor planområdet ligg reguleringsplan for Stad næringspark vedtatt i 2019.



Figur 7: Gjeldande reguleringsplan for Stad næringspark.

5. Planlagt tiltak

Fiskerinæringa, marine verksemder og maritim industri har påpekt behov som må bli løyst dersom næringane skal ha ei framtid på Stadlandet.


På Stadlandet finst verdens ledande miljø for havgåande linebåtar. Reiarlag står ovanfor store strukturelle endringar, og må ha nye løysningar for service og heilårs fiskerikai. Oppdrett av nye marine arter krev landbasert industriareal. Tidsriktig produksjon av foredra fiskeriprodukt krev nye areal til næring. Verksemder for produksjon innan industri, bygg, anlegg og service er i dagens situasjon i ferd med å bli fastlåst. En molo med ei indre hamn vil kunne løyse de fleste av utfordringane.

I sentrumsområde Korsen på Leikanger skjer det no ei utvikling. Fleire satse på reiseliv, mat og overnatting. Det skjer økonomisk investering, og det kjem nye arbeidsplassar. Det nye hotellet skapar aktivitet, det byggas boliger, og grøntområde rustast opp.

Det er tegna og beregna skissar for korleis ein molo utanfor Leikanger kan bli utforma, og bli sjåande ut (figur 8 og 9). Vedlagte skissar kan gjennom planprosessen bli endra og tilpassa innspel, og som fylgje av utgreiingar og ny kunnskap.



Figur 8: Skisse av mogleg utforming av molo utanfor Leikanger. Nordplan 2021.



Figur 9: 3D-illustrasjon av mogleg utforming av molo. Leikanger i bakgrunnen. Nordplan 2021.

6. Samfunnstryggleik

I detaljreguleringa skal det utarbeidast ei risiko- og sårbarheitsanalyse. Analysen skal oppfylle krava i plan- og bygningslova, og være utført etter DSB rettleiar: «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*», 2017, som er ei metode for risiko- og sårbarheitsanalyse i planlegginga. Denne vil avdekke eventuelle behov for avbøtande tiltak knyta til reguleringsplan. Potensiell fare skal vurderast gjennom analyseskjema. Tenkjelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak vert samanfatta i ei risikomatrise, og det vert laga ei oppsummering som viser identifiserte tiltak, og korleis desse er sikra gjennom plandokumenta.

ROS-analysen for reguleringa av Stad molo utanfor Leikanger vil basera seg på gjeldande, overordna ROS-analysar:

- FylkesROS for Sogn og Fjordane vart sist revidert i 2017, og har sidan blitt utvida med to scenariobaserte analysar.
- I samband med kommunedelplan for sjøareal – Stad kommune vart det utført ei KU-vurdering med ROS. Denne vil og leggast til grunn for ROS-analysen som skal utførast i samband med reguleringsplan for Stad molo.

I tillegg vil ROS-analysen for detaljreguleringa hente inn ny og meir relevant informasjon etter behov.

ROS-analysen vil avdekke eventuelle behov for avbøtande tiltak knytt til reguleringsplanen.

Ved oppstart av planarbeidet for Stad molo, viser ein førebels vurdering at spesielt grunnforhold (skred) og stabilitet, stormflo, havnivåstigning og bølgjepåverknad, sårbar fauna/fisk, og ureining av vatn, vil være relevante fokusområde. Dette vil kunne endrast når planprosessen er i gang.

7. Vurdering av plikt om konsekvensutgreiing og verknader av planen

Gjeldande arealplan for området er kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune, vedtatt februar 2022. Planarbeidet er i samsvar med overordna plan, og kjem slik ikkje under forskrift om konsekvensutgreiingar. I dokumenta tilhøyrande overordna plan, er det likevel påpekt at tiltaket kan få konsekvensar som må sjåast nærmere på i detaljreguleringa:

«KONSEKVENSTGREIINGA viser at tiltaket gir verknad for marine ressursar, landskap og nærmiljø.

Det ligg ikkje føre tilstrekkelege data for marint biologisk mangfold for området. Tiltaket sitt store omfang med fylling over store areal, og manglende kunnskap/data om marint mangfold gjer det vanskeleg å vurdere konsekvensane for livet i havet.

Ein samanhengande molo på 1,2 km lengde vil gje dramatisk endra landskapsbilde. Moloen vil bli svært dominerande i det opne fjordlandskapet. Bygda blir ramma inne av moloen og får i stor grad redusert visuell opplevingsverdi i forhold til i dag. Bygda er del av turistsatsing Vestkapp, og visuell verdi er ein del av reiselivsproduktet.

Omfanget på moloen bør reduserast vesentleg. Konsekvensar for marint biologisk mangfold og fiskeinteresser, visualisering av landskapsverknad, verknad for nærmiljø, og konsekvens for vassutskifting i indre hamnebasseng må kartleggast nærmare.»

Med bakgrunn i overordna plan, vil det verte utarbeida eit planprogram som leggast på høyring saman med varsling om oppstart av detaljregulering for Stad molo og indre hamn ved Leikanger. Me ser for oss at planprogrammet vil innehalde følgjande utredningstema:

- Nærmiljø og friluftsliv.
- Landskapsbilde.
- Naturverdiar/naturmangfald (marine ressursar og biologisk mangfald).
- Næringsliv; Reiseliv, fiskerinæring, marin næring og industri.
- Vasskvalitet og vassutskifting.

Tema vil vurderast og omtalast i planomtala, og følgje forslag til reguleringsplan når han vert sendt til behandling.

8. Varsling av tiltaket og prosesser for medverknad og samarbeid

Planarbeidet gjennomførast i samsvar med krava i plan- og bygningsloven når det gjeld informasjon og medverknad.

Grunneigarar innafor og tilgrensande planområde vil bli varsle med brev/e-post ved oppstart av reguleringsplanarbeidet. I tillegg sendes varsel direkte til statlege og regionale instansar, og frivillige organisasjonar som har interesser i området. Varsling skjer etter lister tilsendt frå Stad kommune. Varsel om oppstart av planarbeid annonserast i ei lokal avis, samt med oppslag på heimesida til Stad kommune, Feste NordØst as og Nordplan as.

Behov for møter undervegs i planprosessen, fortrinnsvis med naboar, lokale interesser og kommunen, vurderast løypande og gjennomførast i samrå med tiltakshavar.

Eventuelle møter med offentlege, regionale instansar gjennomførast ved behov.

Me håpar planinitiativet gjer rede for intensjonar og ønsker, knytt til detaljreguleringa, på ein tilfredsstillande måte.

Me ønsker med dette å avtala eit formelt oppstartsmøte med Stad kommune.

Med helsing

Feste NordØst AS



Anja Øren Ryen

Prosjektleiar